










Skjermen viser:	I timen:
	Introduser temaet for timen og sjå <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Mangfald og følelsar (youtube.com)</a>
	<b>Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er typisk jente og typisk gut? Er det eigentleg så stor forskjell på jente og gut?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jenter og gutar kan likne på kvarandre i interesser, følelsar, tankar og veremåtar.</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>○</li> <li>• Og to gutar kan vere veldig ulike i interesser, følelsar, tankar og veremåtar.</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva var det med desse to? Kva trur de hadde skjedd om jenta kom utkledd som brannkonstabel og guten kom som prinsesse? Hadde nokon sagt noko stygt til dei? Hadde nokon sagt noko fint til dei? Korleis ville det vere bra om andre reagerte?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>○</li> <li>• Er det greitt for gutar i vår klasse å gå med rosa klede? Eller for jenter å gå med svarte?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kven av desse er jente og kven er gut? Og er det eigentleg så viktig?</li> </ul>
<p>Sjå ein av desse to filmene om kjønn og likestilling:</p> 	Sjå ein av desse to filmene om kjønn og likestilling. Sjå gjerne den andre ein annan dag. <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Likelønn: Har disse barna skjont noe sjefen din ikke skjønner? - YouTube</a>
	<a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Zmekk - Kjønn og likestilling / Norsk - YouTube</a>

	<p><b>Gjer ei av desse øvingane i klassa</b></p> <p><i>Jenter, gutar eller begge deler – på ark i grupper:</i> La elevane jobbe i små grupper på 2-4 elevar og fyller arket saman. Etterpå kan de samanlikne kva gruppene har kome fram til.</p>
<p><i>Jenter, gutar eller begge deler – aktiv øving i klasserommet:</i></p> <p>Lag 3 ulike plassar i klasserommet der 1=jenter 2= gutar og 3 = begge deler. Les opp desse spørsmåla og la elevane gå den plassen dei meiner er rett. Be enkelte elevar grunngje kvifor dei gjekk akkurat dit.</p> <p>Kven likar å danse? Jenter – gutar – eller begge deler?  Kven kan bli lærar?  Kven kan vere gode i sport?  Kven kan spele dataspel?  Kven kan bli brannkonstabel?  Kven kan gå med kjole?  Kven kan bli sjukepleiar?  Kven kan bruke sminke?  Kven kan slåst?  Kven kan bli forelska i jenter?  Kven kan bli fotballproff?  Kven kan ha rosa klede?  Kven kan gå i bikini?  Kven kan vere skoleflink?</p>	
 <p>HollySiz - The Light (Clip official) Derom de ser denne så forklar litt kvafor han som veljer å bli en jente eller gut, og det er også ein del som opplever at dei hadde passa betre til å vere det kjønn dei ikkje er født med.</p>	<p>I filmen om mangfold såg vi at jenter kan likne på gutar og omvendt, både utanpå og inni. Nokon jenter kan føle seg meir som gutar enn som jente, og nokre gutar kan føle seg meir som jente. Det er ikkje alle menneske som opplever at det passar å sortere alle i enten jente eller gut, og det er også ein del som opplever at dei hadde passa betre til å vere det kjønn dei ikkje er født med.</p> <p>Sjå eventuelt filmen om denne: <a href="#">HollySiz - The Light (Clip officiel) - YouTube</a></p> <p>Introduser den til elevane først og forklar at den handlar om ein gut som likar å gå i kjole, men dei andre synest det er rart. Foreldra til guten er ueinige om han skal få lov å gjere det, og dei kranglar om det heime. Til slutt forstår faren kor viktig dette er for barnet sitt, og da gjer han noko som guten blir veldig glad for!</p> <p>Etter filmen: Trykk på oppfrisk-knappen  øvst til venstre på skjermen slik at de får fram att bildet frå filmen de har sett. Snakk om korleis barnet hadde det i ulike situasjonar og få fram kor viktig det var å bli akseptert av foreldra sine og andre.</p> <p>Filmene er nokre år gamle, og ikkje frå Noreg. Ville det vore annleis i dag, annleis her? Er det greitt for gutar å gå i kjole i denne klassa viss dei vil det? Eller hadde dei blitt sett rart på eller erta da?</p>
	<p>Det er fint om de også kan reflektere saman om korleis det ville vore dersom vi ikkje var så opptatt av kjønn. Korleis hadde vi merka forskjell i kvardagen? På skulen? I butikkar? På fritida?</p>
	<p>Litt Frosketid? <a href="#">Pust med naturen (s-pust) - YouTube</a></p>